



Ove Bjarne Hindenes  
Hindenesvegen 801  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2504 - 17/27613

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.09.2017

## Førebels svar på søknad om frådelling av nausttomt - gbnr 20/2,3,5 og 6 Hindenes indre

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 20/2,3,5 og 6  
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.08.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Plangrunnlaget

Omsøkt tomt ligg i område som er omfatta av kommuneplanen sin arealdel der arealet er avsett til LNF-føremål. Oppretting av nausttomt i området er i strid med gjeldande arealføremål og det generelle byggjeforbodet innanfor 100-metersbeltet langs sjø (plan- og bygningslova § 1-8). Tiltaket krev difor at det vert søkt om og gitt dispensasjon for begge desse forholda før sjølve delingssøknaden kan handsamast. Dispensasjonshandsaminga er gebyrlagt med kr 9 500,- per dispensasjon.

Vedlagt følgjer informasjonsark om dispensasjon med skjema som kan nyttast ved innsending av søknad.

### Nabovarsling

Det er ikkje dokumentert at nabo er varsla ved signatur på kvitteringslista, innsending av kvittering eller posten sitt stempel ved rekomandert sending. Dokumentasjon som stadfestar at nabo er varsla må ettersendast. Søknaden er send inn før fristen til å koma med merknader er ute. Det må difor gjevast tilbakemelding på om det ligg føre merknader frå nabo.

### Situasjonskart

Innsend situasjonskart er frå 2012. Tiltaket må teiknast inn på nytt situasjonskart som viser eigedomsgrensene i dag. Omsøkt tomt må målsetjast og storleiken på tomten må gjevast opp. Kart følgjer vedlagt.



### Tilkomst og parkering

Det må gjerast greie for tilkomst til tomten og parkering. Plassering bør gå fram av situasjonsplanen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.11.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Kart gbnr 20-2 m fl  
dispensasjon

### **Mottakarar:**

|  |                     |      |            |
|--|---------------------|------|------------|
| Arne Hindenes sitt dødsbu v/ Ove<br>Bjarne Hindenes, Marius Hindenes,<br>Ove Bjarne Hindenes, Sander<br>Hindenes | Hindenesvegen 801   | 5993 | OSTEREIDET |
| Marius Hindenes  | Hindenesvegen 797   | 5993 | OSTEREIDET |
| Ove Bjarne Hindenes  | Hindenesvegen 801   | 5993 | OSTEREIDET |
| Sander Hindenes  | Hindenesvegen 701 A | 5993 | OSTEREIDET |